



Arkivnr: 2014/12978-10  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		13.05.2014

## Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag

### Samandrag

Tilskotsordninga som er øyremerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. Ramma til Hordaland fylkeskommune er i 2014 sett til kr. 6 691 000,-. I tillegg er det søkt om å få overført 1 million ubrukte midlar frå 2013. Det er lagt til grunn i saka at søknad om overføring av midlar vert godkjent, og ramma for 2014 vert såleis på kr. 7 691 000.

Av ramma for 2014 er følgjande midlar utbetalte eller bundne:

Ramme 2014		7 691 000
Utbetalt vår 2014	-	2 711 200
Forventa utbetaling hausten 2014, 2. års studentar	-	1 586 050
<b>Resterande beløp til nye studentar hausten 2014</b>	<b>Sum</b>	<b>3 393 750</b>

Til saman har 8 tilbydarar søkt om tilskot for nye studentar med start hausten 2014. Av desse er det 2 tilbydarar som gjev stadbasert fagskuleutdanning, og 6 tilbydarar som gjev nettbasert utdanning. Totalt er det søkt om støtte til 435 nye studentar, av desse er det søkt om 223 ved stadbaserte tilbod og 212 ved nettbaserte tilbod. Det er ikkje mogleg innanfor ramma til Hordaland fylkeskommune å gje tilskot til så mange studentar som det er søkt for.

## Forslag til vedtak

1.

Utdanning	Stedbasert sats			Nettbasert sats				
	Fusa fagskule	AOF H/SF	Aldring/helse	NKS	NKI	RKK	Ecademy	Folkeuniversitetet
Psykisk helsearbeid	15	25				5		
Rehabilitering	15						5	
Helse, aldring og aktiv omsorg				10	5			
Rus og avhengighetsproblematikk	15							
Spesialreinhald og sterilfosyning	15							
Kreftomsorg og lindrande pleie					5	5		
Livsstils- og kroniske sjukdommar	15					5		
Barsel- og barnepleie								5
Demensomsorg og alderspsykiatri			5		5			
Utviklingshemming og aldring			5					
<b>Barn med særskilte behov*</b>								
Omsorg for mennesker med nevrologiske lidelser								
Ernæring i pleie og omsorgstjenester								
Helsekoordinator							10	
Helseadministrasjon sekretær							10	
Miljøarbeid/funksjonsnedsettelse		25						
Tverrfaglig miljøarbeid							5	
Helseadministrasjon og pasientrettede IKT system								
Psykisk helsearbeid og rusarbeid				10				
Veiledning								
<b>Sum studenter det vert gjeve støtte for</b>	75	50	10	20	20	20	20	5

\*Fagskuletilbudet Barn med særskilte behov er ei utdanning som ligg under oppvekstfaga og har difor ikkje rett på tilskot.

Dei skraverte feltene er tilbud som enno ikkje er NOKUT-godkjent, og tildeling av midlar vert gjeve på vilkår av godkjent utdanning innan hausten 2014.

2	a) Den ein skilde tilbydar har høve til å omfordela tilskotet mellom dei NOKUT-godkjente utdanningane dei har søkt på fram til 1. oktober som er offisiell teljedato for utbetaling av tilskot innanfor den ein skilde tilbydar si tildelte ramme.
	b) Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vert gjeve mynde til å fordela unyttede midlar mellom tilbydarane og eventuelt nye tilbydarar innanfor ramma etter 1. oktober utan at det vert lagt fram ny sak for Opplærings- og helseutvalet.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

## Fylkesrådmannen, 27.03.2014

Tilskotsordninga som er øyremerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. Fylkeskommunane fekk med forvaltningsreforma i 2010 delegert ansvar for fordeling av tilskot retta mot studentar i eige fylke. Tilskotsordninga vart oppretta som eit tiltak under Omsorgsplan 2015 og Kompetanseløftet 2015 der fagskuleordninga vert framheva som viktig for å auke kompetansen i helse- og omsorgssektoren, i tillegg til å redusere avgang frå sektoren og bidra til rekruttering til helse- og sosialfag i vidaregåande skule.

### Mål for ordninga

- Heve kompetansen på sentrale fagområde i den kommunale omsorgssektoren
- Tilby personell ein karriereveg
- Realisere nasjonale måltal for utdanningsaktiviteten
- Sikre utdanningstilbod over heile landet gjennom å ivareta både regionale, interregionale og nasjonale fagskuletilbod

### Målgruppe

Helse- og sosialpersonell med utdanning på vidaregåande skulenivå.

Tilskotsordninga bidrar til å nå målsettingane i Omsorgsplan 2015 og Kompetanseløftet 2015, jf. St.meld. nr. 1 (2005-2006) «Mestring, muligheter og mening - Framtidas omsorgsutfordringer».

### Presisering av tildelingskriteriane

Det vert gjeve tilskot til utdanningstilbydarar etter satsar per student som multipliserast med tal på registrerte studentar på teljetidspunktet 1. mars og 1. oktober. Dette inneber halvårleg tildeling av tilskot frå fylkeskommunen til tilbydar. Følgjande kategoriar og satsar per heiltidsekvivalent student gjeld for budsjettåret 2014:

Tilbod	Sats
Nettbasert*	50 900 kr
Stadbasert	73 500 kr

\*For einskilde tilbydarar av nettbasert undervisning med låge samla studenttal er satsen for stadbasert tilbod nytta. Satsane vert vidareført for desse tilbydarane.

Etter Delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune; punkt 31. *Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr. 53*, er det Opplærings- og helseutvalet som har kompetanse til å fordela tilskot etter denne ordninga.

### Budsjetttramme 2014

Ramma til Hordaland fylkeskommune er i 2014 sett til kr. 6 691 000,-. I tillegg er det søkt om å få overført 1 million ubrukte midlar frå 2013. Det er lagt til grunn i saka at søknad om overføring av midlar vert godkjent, og ramma for 2014 vert såleis på kr. 7 691 000,-.

Av ramma for 2014 er kr. 2 711 200,- betalt ut i tilskot for studentar som det er søkt støtte for tidlegare, og som per 1. mars 2014 er aktive studentar. Av desse studentane vil om lag 98 studentar framleis vere i

utdanning hausten 2014, og forventta utbetaling for desse denne hausten er på kr. 1 586 050,-. Såleis er om lag kr. 4 297 250,- bunde opp til tilbod med studentar som er under utdanning. Det resterande beløpet Hordaland fylkeskommune kan fordela på søkjarane hausten 2014 er kr. 3 393 750,- (sjå oversikt under).

Ramme 2014		7 691 000
Utbetalt vår 2014	-	2 711 200
Forventa utbetaling hausten 2014, 2. års studentar	-	1 586 050
<b>Resterande beløp til nye studentar hausten 2014</b>	<b>Sum</b>	<b>3 393 750</b>

### Søknadar om tilskot for hausten 2014

Til saman har 8 tilbydarar søkt om tilskot for nye studentar med start hausten 2014. Av desse er det 2 tilbydarar som gjev stadbasert fagskuleutdanning, og 6 tilbydarar som gjev nettbasert utdanning. Tabellen under syner tilbydarane som har søkt, og talet på studentar dei søker støtte for innanfor ulike utdanningstilbod.

Utdanning	Stadbasert sats			Nettbasert sats				
	Fusa fagskule	AOF H/SF	Aldring/helse	NKS	NKI	RKK	Ecademy	Folkeuniversitetet
Psykisk helsearbeid	30	25			5			
Rehabilitering	15					10		
Helse, aldring og aktiv omsorg	30			10	5	10		
Rus og avhengighetsproblematikk	15							
Spesialreinhald og sterilfosyning	15					10		
Kreftomsorg og lindrande pleie	15				5	10		
Livsstils- og kroniske sjukdommar	15					10		
Barsel- og barnepleie						10		5
Demensomsorg og alderspsykiatri			8		5			
Utviklingshemming og aldring			5					
Barn med særskilte behov*				10		10		
Omsor for mennesker med nevrologiske lidelser						10		
Ernæring i pleie og omsorgstjenester		25						
Helsekoordinator							16	
Helseadministrasjon sekretær							16	
Miljøarbeid/funksjonsnedsettelse		25						
Tverrfaglig miljøarbeid						10		
Helseadministrasjon og pasientrettede IKT system						10		
Psykisk helsearbeid og rusarbeid				15		10		
Veiledning						10		
<b>Sum studenter det søkes støtte for</b>	135	75	13	35	20	120	32	5

\*Fagskuletilbodet Barn med særskilte behov er ei utdanning som ligg under oppvekstfaga og er difor ikkje kvalifisert for tilskot under denne ordninga.

Dei skraverte felte er tilbod som enno ikkje er NOKUT-godkjent innan søknadsfrist for tilskot 1. mars 2014.

Totalt er det søkt om støtte til 435 studentar, av desse er det søkt for 223 ved stadbaserte tilbod og 212 ved nettbaserte tilbod. Det er ikkje mogleg innanfor ramma til Hordaland fylkeskommune å gje tilskot til så mange studentar som det er søkt for.

### Fordelingskriterier

- Hordaland fylkeskommune kan gje tilskot til tilbydarar som tar opp studentar som er busette i Hordaland.
- Søkjarar av stadbaserte tilbod vert gjeve tilskot for heile klassar inntil eit gitt tal studentar av di tilbodet er avhengig av søkjarar lokalt i fylket.
- Søkjarar av nettbaserte tilbod vert ikkje gjeve tilskot for heile klassar av di tilbodet kan fullteiknast med søkjarar frå heile landet.
- Det er eit mål å få variasjon i det totale tilbodet av fagskuleutdanning som Hordaland fylkeskommune gjev støtte til innanfor helse- og sosialfag.

## Forslag til fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2014

Utdanning	Stedbasert sats				Nettbasert sats				
	Fusa fagskule	AOF H/SF	Aldring/helse	NKS	NKI	RKK	Ecademy	Folkeuniversitetet	
Psykisk helsearbeid	15	25				5			
Rehabilitering	15						5		
Helse, aldring og aktiv omsorg				10	5				
Rus og avhengighetsproblematikk	15								
Spesialreinhold og sterilforysning	15								
Kreftomsorg og lindrande pleie					5	5			
Livsstils- og kroniske sjukdommar	15					5			
Barsel- og barnepleie								5	
Demensomsorg og alderspsykiatri				5		5			
Utviklingshemming og aldring				5					
<b>Barn med særskilte behov*</b>									
Omsorg for mennesker med nevrologiske lidelser									
Ernæring i pleie og omsorgstjenester									
Helsekoordinator							10		
Helseadministrasjon sekretær							10		
Miljøarbeid/funksjonsnedsettelse		25							
Tverrfaglig miljøarbeid						5			
Helseadministrasjon og pasientrettede IKT system									
Psykisk helsearbeid og rusarbeid					10				
Veiledning									
<b>Sum studenter det vert gjeve støtte for</b>	<b>75</b>	<b>50</b>	<b>10</b>		<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	

\*Fagskuletilbudet Barn med særskilte behov er ei utdanning som ligg under oppvekstfaga og har difor ikkje rett på tilskot.

Dei skraverte felte er tilbod som enno ikkje er NOKUT-godkjent, og tildeling av midlar vert gjeve på vilkår av godkjent utdanning innan hausten 2014.

Tabellen over syner forslag til fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2014. Det er foreslått å gje tilskot til totalt 135 studentar med stadbasert sats, og 85 studentar med nettbasert sats. Som nemnt er det søkt støtte for til saman 435 nye studentar hausten 2014, men det er ikkje mogleg innanfor ramma å gje tilskot til så mange studentar som det er søkt støtte for.

### Fusa fagskule

Fusa fagskule har søkt tilskot til oppstart av til saman 7 tilbod, medan det er foreslått å gje tilskot til 5 tilbod. Tilboda er valt ut i høve til kva som allereie er i gang av tilbod ved Fusa og i høve til kva område som for tida er ønskjeleg å satsa på, så som rehabilitering, psykisk helsearbeid og rus. Tilbudet Spesialreinhold og sterilforysning er eit tilbod som er etablert i nært samarbeid med Helse Vest. Det er for tida stort behov for denne kompetansen, og tilbudet er difor føreslått vidareført. Tilbudet Livsstils- og kroniske sjukdommar er eit nytt tilbod og har ikkje vorte oppretta ved Fusa tidlegare. Det er difor ønskjeleg at dette tilbudet vert gjeve til hausten. Fusa fagskule har definert sine klassar som fullteikna med 15 studentar.

### AOF Hordaland – Sogn og Fjordane

AOF har tidlegare fått støtte til tilbudet Psykisk helsearbeid som einaste godkjente tilbod ved AOF Hordaland – Sogn og Fjordane (heretter AOF). Psykisk helsearbeid er som nemnt eit tilbod som det vert satsa på nasjonalt, og det er ofte stor søknad til dette tilbudet, og difor ønskjeleg med to tilbod i fylket. AOF har også søkt støtte for to nye utdanningar som dei har søkt NOKUT om godkjenning for. Tilbudet Miljøarbeid/funksjonsnedsettelse er forventa å verte godkjent i løpet av våren, medan tilbudet Ernæring i pleie og omsorgstenester er forventa godkjent til hausten. Av di ein ikkje veit kor lang tid godkjeningsprosessen tar, er det føreslege å berre oppretta tilbudet Miljøarbeid/funksjonsnedsettelse. AOF har definert sine klassar som fullteikna med 25 studentar.

### Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og helse (Aldring/helse)

Tilbydar har søkt støtte for til saman 13 studentar fordelt på to tilbod. Nasjonalt kompetansesenter Aldring og helse gjev nettbaserte utdanningar, men vert gjeve tilskot etter satsar for stadbasert tilbod. Dette er i

samråd med Helsedirektoratet sine kriterier. Per i dag har tilbydar 1 student med bustadadresse i Hordaland, og det er difor tenkt at det er tilstrekkeleg å gje tilskot til inntil 10 studentar.

### **NKS Nettstudier**

Tilbydar har søkt om støtte for til saman 35 studentar ved tre tilbod. Tilbodet Barn med særskilte behov er ikkje kvalifisert for støtte etter denne tilskotsordninga, og er difor ikkje teke med i fordelinga. Det er føreslege å gje støtte til inntil 10 studentar ved tilboda Helse, aldring og aktiv omsorg og Psykisk helsearbeid og rusarbeid. Sistnemnde utdanning er eit nytt tilbod som det er ønskjeleg å satsa på i høve til nasjonale signaler om satsingsområde.

### **Rogaland kurs og kompetansesenter (RKK)**

RKK har søkt støtte for til saman 120 nye studentar hausten 2014. Tilbydar har søkt for fleire studentar enn dei søkte om i 2013. Det er føreslege å gje tilskot til inntil 20 studentar fordelt på 4 ulike studieprogram. Tilboda som er prioritert er valt ut i høve til kva tilbod ein bør satse på i høve til lokale og nasjonale kompetansebehov og i høve til den totale fordelinga i tilbodsstrukturen i Hordaland. I 2013 fekk RKK støtte til inntil 30 studentar med bustadadresse i Hordaland, men klarte ikkje å rekruttera nye studentar med start hausten 2013. Det er difor rimeleg å anta at det er tilstrekkeleg med 20 studentplassar frå Hordaland hausten 2014. Det er ikkje føreslege å gje tilskot til Spesialreinhald av di dette tilbodet eksisterer lokalt i Hordaland ved Fusa fagskule, og det er viktig å ikkje utkonkurrere kvarandre lokalt i Hordaland.

### **Ecademy**

Tilbydar har søkt om til saman 32 studentar frå Hordaland, medan det er føreslege å gje tilskot til inntil 20 studentar. Ecademy kan som dei andre tilbydarane med nettbasert utdanning fyller opp tilboda med søkjarar frå heile landet. Per i dag har tilbydar 16 studentar frå Hordaland fordelt på dei to tilboda Helsekoordinator og Helseadministrasjonsekretær. Ecademy er einaste tilbydar som det er føreslege å gje støtte til innan dette fagområdet.

### **Folkeuniversitetet Nettstudier**

Tilbydar har søkt om tilskot til 5 nye studentar innan Barsel og barnepleie hausten 2014, og det er føreslege å gje tilskot til 5 nye studentar hausten 2014.

### Utfordringar knytt til fordeling og ramme

Dersom alle tilbydarane rekrutterer så mange som det er føreslege å gje tilskot til hausten 2014, syner ei framskriving av det totale tilbodet og framtidige tilskot at det ikkje vil verte midlar til overs for nye studentar hausten 2015. Sak om fordeling av tilskot i 2013 la også opp til ei overskriding av ramma. Forskjellen den gong var at Hordaland fylkeskommune hadde fått overført ubrukke midlar frå åra før på til saman ca. 2 millionar. Sjølv om det var lagt opp til fordeling av tilskot i 2013 som skulle maksimera tilskotsmidlane vart det ikkje rekruttert nok studentar, og fylkeskommunen hadde unyttar midlar på ca. 3,5 millionar i 2013. Av desse er det som nemnt søkt om å få overført 1 million til 2014, og dei resterande midlane vert betalt tilbake til Helsedirektoratet.

På bakgrunn av dei erfaringane administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har med tilskotsordninga, er det rimeleg å anta at ein ikkje vil kome i ein situasjon som gjer at det ikkje vert mogleg å starta opp nye tilbod innanfor ramma hausten 2015. Dei siste åra har det vore lågare rekruttering og større fråfall samla sett enn det tilskotsfordelinga har lagt opp til. Skulle ein likevel oppleve å ha for lite midlar hausten 2015, er det mogleg å gå i dialog med Helsedirektoratet om å få auka ramma.

Årsaka til at ein legg opp til å utnytta ramma fullt ut er for å gje tilbydarane størst mogleg spelerom i arbeidet med å starta opp tilbod og rekruttera nye studentar. Den største utfordringa så langt med tilskotsarbeidet har vore å nytta heile ramma som Hordaland fylkeskommune årleg får til fordeling. Med bakgrunn i dette er det også ønskjeleg å søkje i størst mogleg grad å gjere tilskotsordninga mest mogleg fleksibel. Dette vert omtala i neste avsnitt.

#### Fleksibilitet i fordelinga av tilskot

For å utnytta ubrukte midlar i størst mogleg grad er det to tiltak som det er ønskjeleg å leggje til rette for. Desse er som følgjer:

1. Den einskilde tilbydar har høve til å omfordela tilskotet mellom dei NOKUT-godkjente utdanningane dei har søkt på fram til 1. oktober som er offisiell teljedato for utbetaling av tilskot innanfor den einskilde tilbydar si tildelte ramme.
2. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vert gjeve mynde til å fordela unytta midlar mellom tilbydarane og eventuelt nye tilbydarar innanfor ramma etter 1. oktober utan at det vert lagt fram ny sak for Opplærings- og helseutvalet.

Med desse tiltaka vil ordninga som i utgangspunktet er noko byråkratisk verte meir fleksibel for både tilbydarane og for fylkeskommunen. Fleksibilitet i høve til dette skuleslaget og fagområdet er særskild viktig for å stimulera til meir kompetanseheving i regionen innan helse- og sosialfag.